



SLIK SÅG SÆVAREID UT: Eit industrieventyr som varte i over 100 år. (Foto: Arkiv)

FRÅ FUSA TIL ISTANBUL:

Hans Peder Engevik fortalde om sin fyrste jobb på fabrikk. (Foto: Øystein Lid)



FØREDRAG: Lars Arne Markhus fortalde saga for bygdefolket. (Foto: Øystein Lid)



GODT FRAMMØTE: 150 menneske hadde møtt fram for å feira dagen. (Foto: Øystein Lid)

Feira stolt historie frå Sævareid

Enno lever mange minne frå tida då Sævareid var sentrum for eit industrieventyr. – På den tida var det lettare å koma seg til Rotterdam via Sævareid enn via Bergen, fortel dei som jobba der.

► SÆVAREID

Rundt 150 menneske hadde møtte fram til 150-årsjubileet for «Sævareid kartong- og pappfabrikk» i grendahuset Bredablikk søndag, med føredrag og utstilling. På veggene heng sjablongar som Edvard Hovden i si tid lagde, nytta til å skriva destinasjonen til pakkane med papirprodukt frå Fusa: Cape Town, Beirut, Calcutta, Reykjavik, Malta og Singapore. Og dei som jobba her hugsar endå fleire byar.

– Port Elizabeth, Nairobi... Eg hugsar at min første jobb på fabrikk var ei ordre på 10–12 tonn med papir som skulle til Istanbul, fortel Hans Peder Engevik, ein av dei 200 som hadde arbeidsplassen sin her fram til det var slutt i 1977.

Farga fjorden raud

– Sjefen likte å seia at ein kunne lettare

koma seg til Rotterdam frå Sævareid enn frå Bergen. Det var ei av dei viktige hamnene i Europa og produkta frå fabrikkene vart vidaresende derifrå, fortel Hans Olav Henanger.

Han var ein av dei mange unge som var lausarbeidar på fabrikkene.

– Me fekk jobba når det var noko sjauarbeid som måtte gjerast. Eg kan hugsas at me lossa store mengder kvit jord som vart nytta for å setja rett farge på papiret.

– Og fjorden kunne vera raud eller grøn alt etter kva farge som var tilsett, seier ei anna.

Noko fast jobb var det ikkje alle som kunne få på fabrikkene, og Henanger fortel om ein som jobba i 25 år og vart formann før han fekk fast jobb.

Sævareid og Knut Hamsun

Lars Arne Markhus, som trødde sine

barnesko i Sævareid, heldt føredrag om fabrikkene. Han fortalde at produkta frå Sævareid kartong- og pappfabrikk var kjende for sin gode kvalitet. Særleg eit produkt kalla Betræk-Pap (forløparen til asfaltappen) vart utbreidd, og fann jamvel vegen inn i ein roman skrive av ein av våre dyktigaste forfattarar, Knut Hamsun. I romanen «August» av Knut Hamsun, kor hovudpersonen vegrar seg for å selja sitt fine hus, finn ein følgjande skildring: «August hadde ikke tænkt at sælge. Det var dessuten et svært dyrt Hus, stuen var med Sævareid-pap, Gangvinduet med indisk Glas. Nettopp derfor var Kjøperen blitt så lysten på det (...), skriv Hamsun.

Tydeleg klasseskilje

Markhus teikna eit levande bilete av familien som starta og dreiv fabrikkene, nemleg familien Fasmer (Jan H. Fasmer først, seinare Hans B. Fasmer).

– Det vart sagt om Fasmer at han styrte fabrikkene med faderleg hand. Ein god far skal vera både streng og god, og det var Fasmer. Han var godt likt, og brukte mykje av sine midlar på lokalt kulturliv, på betre arbeidsvilkår for dei tilsette, han spanderte fri bustad, han gav en-

kje- og alderspensjon, fortalde Markhus.

Samtidig var det eit tydeleg klasseskilje mellom bygde-eliten og arbeidarane. Konene og styrarar og direktørar på fabrikkene skulle tiltalast med «frue». Familien Fasmer, Børs, Grytøyr og Hauge tilhøyrdte eliten, og av og til kravde dei både flesk og fisk frå bygdefolket. Markhus fortalde ein stubbe om hr. Børs som spurte ein fiskar om han ikkje kunne tenkja litt på hr. Børs neste gong han fekk fisk. Og slik vart det.

– Fiskaren kom på døra til hr. Børs og sa «Dette er ein torsk. Når eg såg den, kom eg til å tenkja på deg!»

Sommaren 1910 såg den første fagforeininga dagens lys i Sævareid, og det likte fabrikkdirektøren dårleg, fortalde Markhus.

Men fagrørsla forsvann ikkje, og å gå i 1. mai-tog vart etter kvart like viktig som å gå i 17. mai-tog i den blommande industribygda.

Nedgangstida

Trass i enkelte konflikhtar var gjennomgangstenen i bygda formulert i følgjande spørsmål: «Kva skulle me gjort utan fabrikkene?». Ein av fabrikkbygningane brann ned i 1942, berre for å bli bygt opp



BADA I SOL: Engevik Gaard låg bada i sol under kystsogedagen søndag.



mer sine ord etter at fabrikken måtte leggjå ned: «Blant de norske kartongfabrikkene står Sævareid fram som eit fyrstårn. For Sævareid er i særklasse den fabrikken som har utnyttet ressursene best og lykkes med sin kamp mot uvennlige naturkrefter. Vel blåst, folk fra Sævareid».

Etter føredraga og utstillinga, tok M/S Midthordland festlyden over fjorden til Engevik gard der ein kunne kjøpa seg lokale plommer, kjøt og andre godsaker medan Natasja og Idar heldt hagekonsert.

att med endå meir moderne utstyr. Tida etter andre verdskrigen vart ein gyllen epoke. Men etter at Hans B. Fasmer døydde i 1961 venta vanskelege tider. Det kom nye og større konkurrentar i Sverige og Finland, og fabrikken gjekk med underskot

– samtidig med at store investerigar var naudsynte for å halda på konkurranseevna.

Den 30. november 1977 var det definitivt slutt. I tillegg til skjerpa konkurranse, peika Markhus på fleire moglege faktorar til den sørgjelege enden

på industrieventyret: Maskineriet var for gammalt, produksjonen for dyr, marknadsføringa svikta, dei nye eigarane mangla vilje, og arbeidarane mangla omstillingsevne.

– Fabrikken i Sævareid var eit eventyr, men som alle even-

tyr, må det også ha ein slutt, sa Markhus.

Vel blåst, Sævareid

Ein av etterkomarane etter fabrikkeigar-familien, Hendrik Fasmer, helste forsamlinga med forskningssjef Einar Bøh-

► Øystein Lid
ol@osogfusa.no

KUNNGJERING & ARRANGEMENT

Os Swingklubb
1991
www.OsSwingklubb.com

NYE DANSEKURS
KLØVERTUN 4. sept.

Øvet Standard og latin
Kl. 19:00-20:15

Gr.kurs Standard og latin
Kl. 20:45-21:45

OSEANA 6. sept.
Swing nybegynner
Kl. 18:30-19:30

Swing mellomnivå
Kl. 19:45-20:45

Swing videregående
Kl. 19:45-20:45

West Coast Swing
Kl. 19:45-20:45

Pris: kr 800,- per pers.
Dei to første gangene er GRATIS

Påmeld.: Tlf/sms til:
Anna Lill: 938 49 923.

FUSA KOMMUNE

Torsdagsakademiet
presenterer

Hans Martin
Austestad

Torsdag 31. august kl. 19
i KOMMUNETUNET,
Eiklandsosen.

Inngang kr 100,-.

Arr.: Fusa folkebibliotek

Fusa symjehall
i EIKLANDSØSEN
opnar 1. september.

Tysdag 17.00-21.30
Torsdag 17.00-21.30
Laurdag 12.00-15.00

Fredag 14.15-15.30
vassgym for vaksne.

www.fusa.kommune.no

Betania bedehus, Os, søndag 3. sept. kl. 17:

SAMLINGSFEST

Tale v/ Øystein Rønneho. Sang v/ Kretsmannskoret.
Misjonsinfo. v/ Bård Hauge. God bevertning.
Offer til misjonen. Alle er vamt velkomne!
Arr.: Osøren kvinneforening,
Indremisjonen og Misjonssambandet

Eiklandsfjorden Pensjonistlag

ELDRETRIMMEN

startar tysdag 29. aug. kl. 13:15

Første HAUSTMØTE

er torsdag 21. september kl. 15:00.

Glad Dans HUGS
DANSEN!

laurdag 2. september kl. 19.15 – 24.00.
i ELDRESENTERET.

Musikk: KARSTEIN'S DUO spelar:

Alle hjarteleg velkomne! Styret

OS Kyrkjelyd
ønsker hjarteleg
velkomen til

Senior-Koinonia

i TUNET kyrkje- og kultursenter
torsdag 31. august kl. 11:30.

Foredragshaldar: Professor emeritus Sigbjørn Grønås.
Tema: "Når været blir verre".
Song av Hymnos. VEL MØTT!

Fusa Turlag

Gjønakkvitingen (1213 m.o.h.)

Sundag 3. september

Start frå Gjøen kl. 10.00.
Turleiar: Øyvind Nordbø, tlf. 483 05 259.
Les meir om turen på fusa.dnt.no

Os Swingklubb
1991
www.OsSwingklubb.com

WEST COST SWING

grunnkurs

Laur 2. og sønd. 3 september kl. 12-15.
Stad: UNGDOMSHUSET på Haugland

Pris: 300,- per pers.

Påmeld. på tlf/sms til Trond: Tlf. 959 17 509.

KOM DEG UT-DAGEN

ønsker velkomen til
Kom deg ut-dag

**søndag 3. sept.
på LYSØEN**

Velkommen til ein aktiv dag med rebusløype,
orientering (Os orienteringsklubb), klatring,
ansiktsmaling, stiltyer, slakk line m.m.
Båten er gratis mell. kl. 09 og 11 inkl. retur.
Vanleg pris etter kl. 11.

www.bergen-turlag.no/os

KONSERT

TROLLBUNDET AV OLE BULL

Brage Sæbø/Johanne Haugland - fiolin
Annabel Guaita/Marko Nouwens/Knut Christian Jansson - piano

HVER SØNDAG I JULI OG AUGUST KL.13

• 10.30 Buss fra Turistinformasjonen
• 12.15 Omvisning i Ole Bulls villa
• 13.00 Konsert
• 14.00 Tur til «Grotten» sammen med musikerne
Båt til Lysøen 11:15 og 11:30 Retur kl 15:50 og 15:10
Åpen kafé

KODE OLE BULL MUSEUM LYSØEN ticketmaster.no lysøen.no

TYSNES HUSFLIDSLAG ønsker hjarteleg
velkomen til

Husflidsmessa

i TYSNESHALLEN, Våge, på Tysnes
lørdag 2. og søndag 3. september.

Sal av husflid og handverk!

Laur. kl. 12.00: Foredrag "Oselvaren - den levande
båten - med ein Tysnesvri" v/ Kjell Magnus Økland
Laur. kl. 13.30: Demo: bygging av færing v/ Egil Meland.

OPE: Laurdag kl. 11-15.30 og søndag kl. 12-15.30.
Inngangsbillett kr 50,-. Born u/15 år gratis.

Sponsa av:

HAAHEIM GAARD, Alskor, Fjordbruk, Tysnes Sparebank, Tysnes Kraftlag

Registrer deg som
DIGITAL BRUKAR
- få tilgang til meir -

Få med deg alle nyhende ved å registrera deg som digital brukar.
Då kan du følgja alt som skjer i Os og Fusa på mobil, nettbrett og PC.

Gå inn på les.osogfusa.no/registrering eller ring oss på tlf. 56 30 29 50 om du
treng help med registreringa.

Os FusaPosten

Bli synleg i ditt lokalmiljø

osogfusa.no

Tlf. 56 30 29 50
marknad@osogfusa.no

M/S Midthordland fekk kulturvernpris

– Utruleg kjekt at innsatsen vår blir verdsett, seier kaptein Bjørn Hystad og eigar Espen Aspenes.

ENGEVIK GAARD

I strålende sol tok M/S Midthordland passasjerar i skytteltrafikk mellom Sævareid og Engevik Gaard på søndag. Kystsogedag, marknad og 150 års-jubileum var blant hendingane som var samla i eit stort program. Men på tampen av dagen hadde arrangørane endå noko meir på lur: Utdeling av Anders Kåre Engevik sin kulturvernpris.

– Det viktigaste kulturminnet i Fusa

Det er sjette gongen prisen vert delt ut, som består av 10.000 kroner og ein diplom. Prisen går til nokon i Fusa som «har gjort ein særleg innsats i å verna om kulturarven og formidla kulturhistoria til nye generasjonar». Prisen er stifta av Sævareidfjorden ungdomslag i samarbeid med Fusa kulturminnelag og Fusa kommune. I juryen har Hans Olav Henanger, Erik Vangsnes og Terje Raunsgard sete. I år får Det Midthordlandske Dampskibsselskab AS prisen.

– Det er lagt ned eit stort arbeid med å tilbakeføra M/S Midthordland til si for-



FEKK PRIS: Bjørn Hystad og Espen Aspenes fekk søndag pris for arbeidet dei og mange andre har lagt ned for veteranbåten M/S Midthordland. (Foto: Øystein Lid)

dums prakt som ein moderne rutebåt av typen sjøbuss. Å driva eit veteranfartøy inneber store kostnader og stadige utfordringar. Juryen for kulturvernprisen meiner det er viktig å gje heider til det arbeidet selskapet gjer. M/S Midthordland er det kanskje viktigaste flytande

kulturminnet for Fusa og nabokommunane.

Kjekt å bli lagt merke til

– Det er kjekt og litt uventa. Me har brukt mykje krefter og midlar på å setja det tekniske i stand på båten, og det er



BRUKT 8 MILL: Pengane har fått bein å gå på når det gjeld restaureringa av veteranbåten, men eigarane meiner det har vore vel verd det. (Foto: Øystein Lid)

kjekt at arbeidet vårt blir lagt merke til, seier kaptein Bjørn Hystad frå Tysnes.

Fleire fusingar er også inne på eigarsida, m.a. Helge Andersen. Søndag tok ein av dei 12 medeigarane, Espen Aspenes, i mot prisen saman med dagens mannskap.

– Me er vel oppe i 8 mill. kroner i utgifter no på dei åra me har eigd båten. Båten er 70 år i år, og då er det ekstra kjekt å bli lagt merke til. Denne prisen er eit kjærkome klapp på ryggen, seier Aspenes.

► **Øystein Lid**
ol@osogfusa.no

& DEBATT

Me vil gjerne høyra di meining.
Send ditt innlegg til
post@osogfusa.no
eller ring inn 56 30 29 50

Takk for at me fekk prøva statleg finansiering av eldreomsorga!

Statleg finansiering av eldreomsorga som Frp har gått i bresjen for, vart snakka ned av mange då det vart sett ut i livet. Og det var stor skepsis til forsøksordninga. Så langt i prosjektet (vel eitt år) har ein bevist at det fungerer slik det skal.

► **Laila Reiertsen**
Os Frp



LIV LAGA: Testkommunane er strålendes nøgde. Og ikkje minst brukarane føler seg godt ivaretekte. Til og med dei som sit med ansvaret, og som skal effektuera ulike vedtak ser at prosjektet er liv laga, skriv Laila Reiertsen (Frp).

Testkommunane er strålendes nøgde. Og ikkje minst brukarane føler seg godt ivaretekte. Til og med dei som sit med ansvaret, og som skal effektuera ulike vedtak ser at prosjektet er liv laga.

«Vi opplever at brukaren står mykje meir i sentrum» vert det sagt. Gledelig å høyra frå eit Frp-hjarte. For dette var nett ein av dei viktigaste grunnane til at me ville innføra statleg finansiering.

I tillegg ser ein at ein formar tenestene

på ein heilt annan måte enn før. Ein får meir struktur på vedtaka og ein kvalitetssikrar undervegs.

Ein får og ei heilt anna økonomisk tilnærming. Ein får direkte betalt for det ein treng. Fagleg utvikling, tryggare økonomiske rammer og ein betre oversikt er andre stikkord som kjem av ordninga.

Det at forsøkskommunane no tiljublar ordninga gjer at Frp vil arbeida for at prosjektet i ei eller anna form vert videreført. Nettopp fordi det verkar. Likebehandling av brukarane og kontroll på det økonomiske burde stått høgt på dagsorden også hos andre parti.

Uansett så vil me i Frp alltid stå på for dei eldre, så lenge me får vera med og påverka. Statleg finansiering vil i vår ånd vera eit godt verkmiddel til at eldreomsorga skal vera rettferdig, verdig og trygg i heile landet.

Er du einig? Stem Frp!